



**Hordaland fylkeskommune
Kultur og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen**

Norheimsund 31. oktober 2017

S/J Mathilde – LILK

Søknad om tilskot til drift 2018

For 2018 søker Hardanger og Voss museum ved avdeling Hardanger fartøyvernsenter om støtte til drifta av S/J Mathilde frå Hordaland fylkeskommune.

S/J Mathilde – kort historisk presentasjon

Hardangerjaka Mathilde vart bygd i 1884 i Ølve i Kvinnherad. Som mange andre fartøy av same type vart Mathilde nytta til «Nordlandsfart», dvs. oppkjøp av skrei og produksjon av klippfisk. Dei første fire åra var det familien Nerhus i Ølve i Kvinnherad i Hordaland, som òg hadde bygd fartøyet, som eigde og dreiv ho. I 1889 vart Mathilde seld til eit partslag i Jondal, Hordaland. Partslaget dreiv vidare med «nordlandsfart» og sildefrakt.

I 1918 var Mathilde, som mange andre hardangerjakterm seld nordover. Den første eigaren var Anders Jensen, Lunderøy i Nordland. I 1925 gjekk Mathilde vidare til Peder Hansen i Gildeskål i Nordland. Desse dreiv med fraktfart på kysten mellom Hammerfest og Trondheim.

Erik Rolfsen AS, Kristiansund i Møre og Romsdal kjøpte Mathilde i 1938. Fram til 1950 nytta dette firmaet Mathilde til losjiskip, faktefart m.m. med utgangspunkt i Kristiansund. I 1941 vart Mathilde rigga ned og fekk styrehus og maskin.

Frå 1950 følgde ein periode i Hordaland under ulike eigarar i Mosterhamn. Ho gjekk då i fraktfart på kysten mellom Oslo og Trondheim, til Sverige og Danmark.

I 1968 gjekk Mathilde tilbake til Nordland, med Leif Andorsen i Svolvær som eigar fram til 1977. I 1971 vart Mathilde modernisert med nytt styrehus og ny maskin. I 1977 overtok Per Angel, Øksningan. Desse eigarane dreiv hovudsakleg fraktfart på kysten mellom Finnmark og Trondheim, men òg sandgrabbing.

I 1984 kjøpte Stiftinga Hardangerjakt av 1984, Norheimsund i Hordaland Mathilde på tvangsausksjon. Restaureringa av hardangerjakta Mathilde var starten på Hardanger fartøyvernsenter (HFS) i 1984. Mathilde er truleg landets mest aktivt drivne museumsfartøy. Mannskapen er tilsett på heilårs basis, det er høge krav til tryggleik og sertifisering.

Mathilde har ei tredelt drift: Museumstokt, leirskule og Sommartokt. Mathilde er open og tilgjengeleg for alle og driv aktiv formidling mot folk i alle aldrar. Drift skjer i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Kvam herad m.fl.

Fartøyet i lys av norsk sjøfartshistorie

Då Mathilde vart bygd i 1884, kunne ho i vekt laste omrent tre gonger så mykje som ein norsk semitrailer i dag. Mathilde representerer fraktefartøy som har gått langs heile Norskekysten, og delvis utanriks, med all slags last. Som ny var "Mathilde" knytt opp mot fiskeria. Det var oppkjøp av torsk og sild, salting og sal av sild og klippfisk. Som utrangert og nedrigga fekk ho nytt liv og nytt namn som motorjakta Kari Louise. Dette har vore ein «livssyklus» for mange fartøy av denne typen.

Utrangert for andre gong vart ho sold til eit ungdomsprosjekt i Hardanger og har no sigla i vel 25 år som leirskule, kulturformidlar og på turar langs kysten. Om det har vore noko dramatikk, så har fartøyet levd eit langt liv på mesteparten av Norskekysten og kome frå det med livet både for eigen del og for mannskapet.

Stiftinga Hardanger og Voss museum

Stiftinga Hardangerjakt av 1984 kjøpte Mathilde og sette i gang med restaurering. Då Mathilde var ferdig vart namnet på organisasjonen omdanna til Stiftinga Hardanger fartøyvernsenter. Denne stiftinga hadde som føremål å drive Mathilde i tillegg til å drive istandsetting av fartøy på antikvarisk grunnlag. Dessutan skulle ein drive eit museum for båt- og fartøykultur i Hardanger og Sunnhordland. I 2006 vart Hardanger fartøyvernsenter del av Hardanger og Voss museum gjennom museumsreforma.

Mathilde har heilt sida starten hatt ei tredelt drift basert på kulturhistorisk formidling og oppleving: Opne sommartokt for alle, leirskule vår og haust og museumstokt tidleg vår og sein haust. Det er særleg lagt vekt på formidling til born og ungdom gjennom leirskule, museumstokt og deltaking i den kulturelle skulesekken. Mathilde har fast tilsett mannskap som også har ansvar for vedlikehaldet. Som eitt av dei få fartøya i landet seglar Mathilde med segl og tauverk av naturfiber som vert halde ved like på tradisjonelt vis med barking, smøring og lappsalving. Eitt av måla med dette er å halde dei gamle kunnskapane ved like.

Med eit sterkt formidlingsopplegg, som er tilgjengeleg for alle, og eit driftsopplegg der den immaterielle delen er viktig, meiner vi at Mathilde har ein særeeigen posisjon mellom dei flytande kulturminna i Noreg.


Økonomi

Mathilde er truleg landets mest aktivt drive museumsfartøy. Me har ein seglingssesong som strekk seg fra mars til oktober. Dei fleste av våre passasjerar er born. Dette set høge krav til sertifisering og tryggleik. Høge krav til sertifisering og tryggleik er også den beste måten å halde fartøyet i jamt god stand. Vedlikehaldsutgiftene og kostnader knytt til tryggleik er høge. Me har

faste utgiftar knytt til vedlikehald og sertifisering på i overkant av 1 mill. Berre vår årlege slippsetting (som også er eit sertifiseringskrav) kostar oss drøye 110 000,- kroner. Forsikringar og sertifisering av flåtar og flytevestar kostar oss også drøye 100 000,-. I tillegg har sesongtilsett mannskap, og utgiftar til drivstoff, hamneutgiftar og anna knytt til seglingssesongen. Med utgangspunkt i dette søker me om ein driftstønad på 200 000,- til drifta av hardangerjakta Mathilde.


Me håpar på ei positiv handsaming av søknaden og gir gjerne utfyllande informasjon pr. telefon eller e-post dersom det skulle vera trond for det..

Med venleg helsing
For Hardanger og Voss museum


Randi Bårtvedt
Ahr

Direktør

Heidi Richardson


Heidi Richardson
Leiar for museumsavdelinga ved HFS

